

**Dag nummer 19 for Grønland-ekspedisjonen vart litt spesiell ettersom dei fann seg sjølve innesnødd og verfaste frå morgonen av.**

**Men dei tok situasjonen med stor ro ettersom dei har beregna ein teltdag med dårlig ver. Likevel skal dei klare å halda tidsplanen.**

Eit innslag med Vår Staude på TV2 klokka 7.20 muntra opp gjengen.

Men det vart ein vindfull dag i teltet. Det bles stiv kuling og dei måtte bestemme seg for ikkje å gå. Fleire ganger om natta og dagen måtte dei ut og spa telta fri. Berre om morgonen brukte dei 3,5 timer på den operasjonen.

Men no, på dag nummer 20, er dei i gang att etter å ha grave seg ut av det som minna mest om snøhuler. Det er skareføre og solskinn og vinden har spakna.

Det har bestemt seg for å gå 40 kilometer denne dagen!

Rapportøren skriv at det var deilig å høyra dei att etter halvtanna døgn utan direkte kontakt. Men no har dei gått over 43 mil!

Av Ola Matti Mathisen